



## UKM 01/21 Konstituering og forretningsorden for UKM 2021

Ungdommens kyrkjemøte (UKM) følgjer reglar for ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkja og forretningsordenen. Det er Kyrkjemøte som har vedtatt reglane for ungdomsdemokratiet og rammene for UKM, medan UKM sjølv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet (forretningsordenen). Regelverket for ungdomsdemokratiet er attgitt nedanfor.

Under UKM 2020 vart det lagt til ein protokolltilførsel av delegatane. Denne oppfordra DnkU til å behandla sak om personval under UKM skulle gjennomførast med preferanseval. DnkU behandla saka i møtet sitt 12. februar 2021 og vedtok følgande:

*Vedtak: DnkU sender ikkje spørsmål om valform til høyring i ungdomsråda i denne omgangen, og ønskjer å gjennomføra UKM etter dagens valordning med alminneleg fleirtal.*

Forretningsordenen for UKM 2021 foreslår derfor at personval gjennomførast med alminneleg fleirtal i første valomgang. Om ingen eller eit for lågt tal får slikt flertal, gjennomførast neste valomgang med simpelt flertal.

### Forslag til forretningsordenen for Ungdommens kyrkjemøte 2021

#### Plenumsarbeid

1. Ungdommens kyrkjemøte arbeider gjennom plenumssamlingar og komitear.
2. Møtet blir leidd av tre dirigentar. Dei treng ikkje vere blant delegatane i møtet. Møteleiinga har plikt til å leie forhandlingane i tråd med dei reglane som til kvar tid gjeld for Ungdommens kyrkjemøte og vanleg møteskikk.
3. Når møtet begynner, skal det veljast eit teljekorps og referantar som under møtet rettar seg etter tilvisingar frå møteleiinga.
4. Delegatane og representantane med tale- og forslagsrett teiknar seg til innlegg ved å gi røysteteikn eller ved bruk av elektronisk møtesystem. Det er høve til å ha inntil to korte replikkar og ein svarreplikk til kvart innlegg.
5. Møteleiinga skal, når det er påkravd, regulere taletid og høve til replikk. Når møteleiinga ønskjer å setje strek, skal ein kunne teikne seg under innlegget til den neste talaren.
6. Den som teiknar seg til forretningsordenen, dagsordenen, voteringsordenen eller for saksopplysning, skal få ordet like etter siste talar. Forslag om å avbryte ei sak, oppheve at strek er sett eller gå direkte til røysting, skal takast direkte opp til votering.
7. I saker der det skal gjerast vedtak, skal behandlinga i hovudsaka skje både i komitear og plenumssamlingar. Ei sak går først til behandling i ein komité, som diskuterer seg fram til ei felles fråsegn som skal leggjast fram for møtet i plenum.





Ei sak kan behandlast fleire gonger i plenum eller komité. Dersom ein komité kjem med ei delt innstilling, skal innstillinga frå både fleirtalet og mindrettalet leggjast fram for plenumssamlinga. Ungdommens kyrkjemøte kan òg vedta at saker skal behandlast direkte i plenum.

8. Delegatane og representantane med tale- og forslagsrett har frammøteplikt til alle komité- og plenumssamlingar. Fråvær skal godkjennast av komitéleiaren eller dirigentskapet etter skriftleg søknad.

9. Ungdommens kyrkjemøte kan gi gjester og andre inviterte talerett. Ein representant for Metodistkyrkjas Ungdomsforbund blir invitert til å delta på Ungdommens kyrkjemøte, også komitémøta, med møte- og talerett.

#### Komitéarbeid

10. Sekretariatet i kyrkjerådet set saman komiteane og nemner opp ein leiar for kvar komité. Leiaren har ansvar for å koordinere arbeidet i komiteen.

11. Kvar komité skal ha nødvendig sekretærhjelp.

12. Komiteen vel den arbeidsforma og organiseringa som ein finn mest tenleg, for eksempel skiping av underkomitear.

13. For at ein komité skal vere vedtaksfør, må 2/3 av medlemmane vere til stades.

14. Komiteen presenterer innstillinga si ved byrjinga av behandlinga av den saka komiteen har arbeida med. Dersom komiteen leverer ei delt innstilling, skal mindrettalet også få presentere synet sitt. Fleirtalet og mindrettalet skal ha like lang taletid.

#### Røystingar og val

15. Før ein går til votering, gjer møteleiinga greie for voteringsordenen. Møteleiinga avgjer voteringsordenen i samsvar med god møteskikk, slik at forslag blir tekne opp til votering i logisk rekjkjefølgje.

16. For at UKM skal vere vedtaksfør, må minst halvparten av dei røystepliktige delegatane vere til stades.

17. Røysting skal gjennomførast ved at det blir vist røysteteikn, ved skriftleg røysting eller ved bruk av elektronisk møtesystem. Det kan berre røystast ved personleg frammøte. Vedtak skal ha alminneleg fleirtal.

Ved val er den eller dei valt som har fått meir enn halvparten av dei gitte røystene. Om ingen eller eit for lågt tal får slikt fleirtal, blir ein ny røysting gjennomført. Om ingen eller eit for lågt tal får slikt fleirtal etter andre røysting, blir nok ein røysting gjennomført. Ved denne er den eller dei valt som har fått flest stemmer. Ved val er det møteleiinga som fastsett voteringsordenen.

Delegatar til Ungdommens kyrkjemøte har røysteplikt. UKM kan vedta å fråvike dette prinsippet i enkeltsaker. Delegatar frå organisasjonane kan avstå frå røysting der organisasjonen har fatta eit vedtak som gjer at røysting er vanskeleg.



18. Ungdommens kyrkjemøte veljar ein valkomité som skal førebu valet av Den norske kyrkja ungdomsutval, deriblant leiar, representantar til Kyrkjemøtet og ny valkomité på det påfølgjande møtet. Det skal veljast ein person frå Den norske kyrkjas ungdomsutval og to delegatar. Valkomiteens medlemmar er utestengt frå val til Den norske kyrkjas ungdomsutval og representant frå Ungdommens kyrkjemøte til Kyrkjemøtet. Ungdommens kyrkjemøte fastsett nærmare retningslinjer for valkomiteen.

19. Ungdommens kyrkjemøte sender fire representantar med tale- og forlagsrett til å delta på Kyrkjemøtet. Representantane veljast blant delegatane til Ungdommens kyrkjemøte etter tilråding frå valkomiteen. Ungdommens kyrkjemøte veljar òg vararepresentantar frå Ungdommens kyrkjemøte til Kyrkjemøtet i ein særskilt røysting med simpelt fleirtal.

Anna

20. Sekretariatet i Kyrkjerådet får fullmakt til å rette skrivefeil og til å gjere redaksjonelle endringar i protokollen.





## **Mandat for Ungdommens kyrkjemøtevalkomité**

1. Ungdommens Kyrkjemøte valkomiteen (frå no av: valkomiteen) førebur Ungdommens kyrkjemøtes (frå no av: UKM) val av Den norske kyrkjas ungdomsutval, 3 representantar til Kyrkjemøtet og av ny valkomité. Valkomiteen vel sjølv leiar. Leiar for valkomiteen innkallar til møta til komiteen og presenterer forslaget frå komiteen på UKM.

2. Medlemmene i valkomiteen er avvist frå val til Den norske kyrkjas ungdomsutval og val til representant frå UKM til Kyrkjemøtet, men er valbar til valkomiteen dersom dei er delegatar. Leiar og ordinære medlemmer til utvalet og representantar til Kyrkjemøtet skal veljast blant UKMs delegatar.

3. Valkomiteen får den sekretærbistanden frå Kyrkjerådets sekretariatet som er nødvendig for å kunna gjennomføra oppgåvene sine på ein formålstenleg måte.

### **Forslag og nominasjon til Den norske kyrkjas ungdomsutval**

4. Valkomiteen ber ungdomsråda og dei organisasjonane som har rett til å senda delegaterom å foreslå kandidatar til leiar av Den norske kyrkjas ungdomsutval og kandidatar til medlem i Den norske kyrkjas ungdomsutval innan UKMs påmeldingsfrist.

5. Valkomiteen kan spørja sitjande medlemmer som kan veljast att om dei tar imot attval.

6. Valkomiteen ber UKM om å komma med forslag på kandidatar til medlemmer i Den norske kyrkjas ungdomsutval innan 60 timer før val gjennomføring, og valkomiteen presenterer vallista si innan 48 timer før valgjennomføring.

7. Valkomiteen fremmar på dette grunnlag ei valliste med:

- a) Ein til tre kandidatar til leiar av Den norske kyrkjas ungdomsutval, i alfabetisk rekkefølgje, det året det skal veljast leiar.
- b) Kandidatar til val som ordinær medlem av Den norske kyrkjas ungdomsutval.

Oversyna over kandidatar skal vera delt i to. Øvst på lista skal valkomiteen prioritera minst det talet kandidatar som det skal veljast. Resten av kandidatane som stiller til val, skal førast opp på vallista i alfabetisk rekkefølgje under dei prioriterte kandidatane.

8. Valkomiteen skal i prioriteringane sine sikra at lista inneheld balanse når det gjeld kjønn og geografi, og vareta breidde når det gjeld bakgrunn. Innstillinga må vareta ei heilskapleg vurdering i forhold til sitjande medlemmer.

### **Nominasjon av kandidatar som representant til Kyrkjemøtet**

9. Valkomiteen ber UKM om å komma med forslag på kandidatar til representant til Kyrkjemøtet innan 60 timer før val gjennomføring, og valkomiteen presenterer vallista si innan 48 timer før valgjennomføring.





10. Valkomiteen fremmar på grunnlag av innkomne innspel ei liste med kandidatar til representant til Kyrkjemøtet. Lista skal vera i alfabetisk rekkefølge.

#### **Nominasjon av kandidatar til valkomiteen**

11. Valkomiteen skal framme forslag til to medlemmer til ny valkomité. Valkomiteen består av ein medlem av Den norske kyrkjas ungdomsutval oppnemnt av dette utvalet, og to av UKMs delegatar, valt av UKM. Kandidatane må vera delegatar på valtidspunktet.

12. Medlemmene i valkomiteen som ikkje er delegatar på det følgjande UKM, møter i samsvar med reglar for ungdomsdemokrati på UKM med tale- og forslagsrett jmf §4





# Reglar for ungdomsdemokrati i Den norske kyrkja

Fastsatt av Kyrkjemøtet 10. oktober 2020 med heimel i kyrkjeordninga 30. mars 2019 § 36 og lov 24. april 2020 nr. 31 om tros- og livssynssamfunn (trussamfunnslova) § 12 anna ledd. Reglane trer i kraft frå 1. januar 2021.

## § 1. Formål

Reglene skal legga forholda til rette for at unge i alderen 15–30 år får moglegheit til å medverka i aktuelle saker regionalt, nasjonalt og internasjonalt i Den norske kyrkja, jf. kyrkjeordninga § 36.

## § 2. Ungdomsting i bispedømmet

Ungdomstinget består av:

- a) inntil to representantar oppnemnde av kvart av forsamlingsråda i bispedømmet,
- b) inntil to representantar frå kvar av dei organisasjonane som driv ungdomsarbeid tilknytt Den norske kyrkja i bispedømmet, oppnemnt av den regionale styraren til organisasjonane,
- c) medlemmene av ungdomsrådet og
- d) medlemmer av bispedømmerådet som er under 30 år.

Representantane etter bokstav a), b) og d) må vera i aldersgruppa 15–30 år.

Representantane etter første ledd må vera medlem av Den norske kyrkja, jf. kyrkjeordninga § 40 første ledd.

I Nord-Hålogaland, Sør-Hålogaland, Nidaros og Oslo bispedømme bør dei oppnemnande organa ønska at det blir oppnemnt samiske representantar bland representantane.

Ungdomstinget er eit rådgivande organ for biskopen og bispedømmerådet som kan uttala seg i saker som gjeld Den norske kyrkja.

Bispedømmerådet fastset nærmere avgjerder for ungdomstinget, og avgjerd om representantar utan stemmerett, etter utsegn frå ungdomsrådet.

## § 3. Ungdomsråd i bispedømmet

Ungdomsrådet består av minst seks medlemmer i aldersgruppa 15–30 år, valt av og bland representantane til ungdomstinget. I dei tre nordlegaste bispedømma bør minst éin av medlemmene vera samisk. Ungdomstinget kan òg velja eit tal varamedlemmer til ungdomsrådet.

Ungdomsrådet skal vera eit rådgivande organ for biskopen og bispedømmerådet i saker som gjeld i kyrkje og samfunn og dessutan førebu og følgje opp dei sakene som skal behandlast av ungdomstinget. Ungdomsrådet kan òg på eige initiativ ta opp aktuelle saker innan området sitt.

Bispedømmerådet fastset nærmere avgjerder om ungdomsrådet etter utsegn frå ungdomsrådet.





## § 4. Ungdommens kyrkjemøte

Ungdommens kyrkjemøte består av:

- a) to delegatar frå kvart bispedømme, valt av og blant kvart ungdomsråd,
- b) ein samisk delegat frå høvesvis Nord-Hålogaland bispedømme, Sør-Hålogaland bispedømme og Nidaros bispedømme, valt av vedkommande ungdomsråd,
- c) to delegatar valde av og blant samisk ungdomsutval,
- d) to delegatar frå Døves kyrkjelyd oppnemnt av fellesråd til døvekyrkja,
- e) ein delegat frå kvar av organisasjonane som driv ungdomsarbeid tilknytt Den norske kyrkja.

Organisasjonen må ha kristen formålsparagraf og mottatt invitasjon frå Den norske kyrkjas ungdomsutval. Delegaten blir oppnemnd av styret til organisasjonen,

- f) medlemmene av Den norske kyrkjas ungdomsutval,
- g) medlemmer av bispedømmeråd, Kyrkjerådet og Samisk kyrkjeråd som er under 30 år,
- h) dei representantane som vart valde til å representera Ungdommens kyrkjemøte på Kyrkjemøtet førre år.

Delegatane etter bokstav a), b), c), d) e) og g) kan delta til og med det året dei fyller 30 år.

Ungdommens kyrkjemøte uttaler seg i aktuelle saker som gjeld Den norske kyrkja, nasjonalt og internasjonalt. Ungdommens kyrkjemøte uttaler seg òg i saker som gjeld situasjonen for unge i kyrkje og samfunn.

Ungdommens kyrkjemøte vel leiaren av Den norske kyrkjas ungdomsutval og tre andre representantar frå Ungdommens kyrkjemøte til Kyrkjemøtet. Desse representantane må vera under 30 år.

Saker til Ungdommens kyrkjemøte må meldast til Kyrkjerådets sekretariat seinast 14 veker før møtet.

Organisasjonane som driv ungdomsarbeid tilknytt Den norske kyrkja kan senda ein observatør med tale- og forslagsrett i tillegg til delegaten. Medlemmene av Samisk ungdomsutval som ikkje er delegatar, kan møta på Ungdommens kyrkjemøte som observatør med tale- og forslagsrett. Forsvarets tros- og livssynskorps kan òg senda ein observatør med tale- og forslagsrett til Ungdommens kyrkjemøte. Medlemmer av valkomiteen som ikkje er delegat, møte med tale- og forslagsrett.

Den norske kyrkjas ungdomsutval kan invitira organisasjonar som driv ungdomsarbeid tilknytt Den norske kyrkja, men som ikkje har kristen formålsparagraf, til å senda ein observatør med tale- og forslagsrett til Ungdommens kyrkjemøte.

Delegatar og observatørar som møte på Ungdommens kyrkjemøte må vera medlem av Den norske kyrkja, jf. kyrkjeordninga § 40 første ledd.

Ungdommens kyrkjemøte vedtar sjølv nærare forretningsorden for gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte.





## § 5. Den norske kyrkjas ungdomsutval

Den norske kyrkjas ungdomsutval består av åtte medlemmer valde av og blant Ungdommens kyrkjemøte. Det er særskilt val på leiari. Funksjonstida er på to år. Utvalet kan henta inn fagleg kompetanse i saker utvalet har til behandling.

Den norske kyrkjas ungdomsutval skal vera Den norske kyrkjas rådgivande organ i saker som gjeld situasjonen for unge i kyrkje og samfunn, både nasjonalt og internasjonalt og dessutan hjelpe ved førebuingar og gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte. Utvalet kan også på eige initiativ ta opp aktuelle saker innan området sitt.

Utvalet vel sjølv nestleiar. Utvalet er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmene er til stades. Avgjerdene frå utvalet fattast med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap gjer stemma til leiaren utslaget.

## § 6. Samisk ungdomsutval

Samisk ungdomsutval består av:

- a) Ein representant blir vald for to år av ungdomstinga i Nord-Hålogaland, Sør-Hålogaland, Nidaros og Oslo bispedømme.
- b) To representantar oppnemnde av Samisk kyrkjeråd.

I tillegg kan Sametinget oppnemna ein representant.

For kvar representant blir det oppnemnd ein til to vararepresentantar.

Samisk ungdomsutval bør ha representasjon frå nord-, sør- og lulesamisk språkområde, og det bør vera representert ungdom med tilknyting til læstadianske miljø. Det skal etterstrebå ei jamn fordeling i kjønn, alder. Minst halvparten av delegatane i SUNG skal vera samar, jf. kriteria for Sametingets valmanntal. Representantane og vararepresentantane skal vera mellom 15 og 30 år.

Samisk ungdomsutval er eit rådgivande ungdomsorgan på nasjonalt nivå som bidrar til at samisk ungdom kan medverka i aktuelle saker i Den norske kyrkja. Samisk ungdomsutval er eit rådgivande organ innanfor området sitt for Samisk kyrkjeråd og andre nasjonale kyrkjelege organ. Utvalet kan også på eige initiativ ta opp aktuelle saker innan området sitt.

Utvalet vel sjølv leiari og nestleiar. Utvalet er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmene er til stades. Avgjerdene frå utvalet fattast med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap gjer stemma til leiaren utslaget.

## § 7. Mindre endringar

Kyrkjerådet kan gjera mindre endringar i reglane.

## § 8. Ikrafttredelse og overgangsavgjelder

Reglene trer i kraft frå det tidspunktet Kyrkjerådet bestemmer<sup>1</sup>. Kyrkjerådet kan setja i kraft dei enkelte avgjerdene til forskjellig tid. Samtidig blir oppheva statutt for Ungdommens kyrkjemøte, statuttar for Utval for ungdomsspørsmål og statutt for Samisk ungdomsutval.

Ungdomsråd og ungdomsutval som er valt før reglane blir sette i kraft, fungerer vidare inntil det er valt eit nytt ungdomsråd og ungdomsutval.

<sup>1</sup> I kraft frå 1. januar 2021, jf. Kyrkjerådets vedtak 4. desember 2020





## **Forslag til vedtak**

Ungdommens kyrkjemøte 2021 vedtar forretningsorden for UKM 2021 8-12. oktober 2021. Og mandat for valkomiteen til UKM 2022.

UKM 2021 veljer følgjande til dirigentar

UKM 2021 veljer følgende til tellekorps

UKM 2021 veljer følgende til referantar

